

## **Møte i FAU 22.05.2023**

Stad: Rolland skule, kl. 19 – 21

Oppmøte: Line Amundsen (Rektor), Ikkje møtt (1A), Cecilie Kirø (1B), Stian Skreden (2A), Ida Pugerud (2B), Anette Fredheim (3A), Kristin Sande Endale (3B), Magne Aas (4A), Trine Lise Bøe (4B), Elisabeth Eide (5A), Ikkje møtt (5B), Ikkje møtt (6A), Elin Johnson (6B), Hege Høyland (7A), Tor Andre Kvinge (7B)

1. Godkjenning av referat  
Godkjent
2. Byggeprosessen, planar

To rådgjevarar frå seksjon for strategi og utvikling i Bergen kommune fortel om prosessen med bygging av nye Rolland skule. Jobbar tett med rektor og FAU undervegs i prosessen.

- Status og framdrift

Oppstart august 2024

Ferdig skulestart 2027

Byggast i inntil 3 etasjar på eksisterande tomt.

Sjekkar ut moglegheit for forsterka avdeling for inntil 10 elevar. Avdeling for elevar som har særskilte behov (skjerming, meir ro, spesialpedagogiske behov)

- Transport til erstatningsskulen i Eidsvåg

Skulen må lage plan for ulike tidspunkt for avgangar til og frå Eidsvåg.  
Delast med foreldre i god tid før oppstart.

Elevane går på og av ved den same haldeplassen ved Rolland skule  
morgen og ettermiddag til avtalte tider.  
SFO-buss morgen og ettermiddag.

- Kollåsen

I følge rådgjevarane frå kommunen, er Kollåsen vedtatt omregulert til  
bustad for ungdomar med funksjonshemning.

Spørsmål: Framdriftsplan, skal dette skje før eller etter Rolland skule er  
ferdig?

FAU reagerer på at det er vedteke ny bruk av grendaskulen utan at vi  
har fått moglegheiter å være med å påverke/diskutere løysingar. Treng  
ei avklaring på korleis ting blir med Storåsen/Kollåsen.

Rådgjevarane skal finne vedtaket og sende informasjon til FAU snarast.  
FAU vedtek å ha eit nytt møte når meir informasjon føreligg.

- Vegprosjekt

Det skal etablerast permanent rundkøyring og oppstillingsplass for buss i Barkaleitet ved Åsane IL sit klubbhus.

Dette skal stå klart til skulestart 2024.

Innspel: må sikre at det ikkje blir parkering for aktivitetar på Rollandsbana på ettermiddag/kveld. Parkering forbode skilt og liknande.

- Erstatningsskulen

Må ha god dialog med Eidsvåg skule ang. bruk av uteområda.

Er bygd for 350 elevar. Godt inneklima. Ulike soner/baser. Pedagogisk blir det jobba ganske tilnærma likt sånn som det blir på den nye Rolland skule.

Spørsmål: Er det gymsal på Eidsvåg?

Det er ein idrettshall i nærleik til skulen.

FAU kan få komme og sjå på erstatningsskulen før elevane skal flytte inn.

- Nye Rolland skule

Plan om å ta vare på grøntområda i ulike former. Skulen kan bli inntil 3 etasjar. Bygger for 350 elevar. Spesialplassane kjem eventuelt i tillegg. Bygger for litt varierande størrelsar på barnekull. 3 grupperom i tillegg pr. trinn.

Spørsmål: Idrettshall/svømmehall, når skal denne pussast opp?  
Rektor skal etterspør planar for dette.

Spørsmål: Blir skular bygd utifrå ny læreplan eller blir læreplan lagd utifrå korleis nye skular blir utforma?

Utforminga til den nye skulen er tilpassa den nye læreplanen.

Spørsmål: Korleis blir det med fotballbana/idrett når det blir sett i gang bygningsarbeid?

Dette vil det komme informasjon om nærmare.

Spørsmål: Korleis blir det med SFO? Henting/levering?

Har vore vanlig med fleire SFO- bussavgangar. Dette må diskuterast og finne ut kva løysing som er best.

Oppsummering

Det må komme tydeleg informasjon om kva tankar skulen/kommunen har om korleis ein skal bruke bygga ein har. Storåsen? Skal den brukast, eventuelt då til kven? Det har kome fram mykje som ligg til grunn for ulike vurderingar.

Det kom brått på FAU at Kollåsen allereie var vedteke over til helse.

Ulike senario: Blir Kollåsen overført helse før nye Rolland skule er ferdig, blir det då like aktuelt å ha 1. og 2. trinn på Storåsen? Dette er spørsmål man må ta stilling til og få diskusjon rundt.

Innspel: Det kan være uheldig at dei eldste eller yngste blir plassert for seg sjølv på Storåsen.

Spørsmål: Kva er framdrifta?

Kommunen hentar fram informasjon om vedtaket til Kollåsen og sender til rektor/FAU.

Korleis vurderer skulen å bruke areala som er igjen?

Skulen vil nok bli spurta om kva dei ynskjer, og vil ha diskusjon rundt kva som blir det beste.

### 3. Frukt og mjølk

Det er i følge forelder av og til mygla frukt, og mjølk som er utgått på dato som blir levert ut til elevane.

Er det leverandør eller oppbevaring som er årsaka?

Eller kan det være at det er elevane som hentar/set på plass som gjer at det sirkulerer därleg?

Rektor svarer at årsakene til dette kan være ulik frå gang til gang. Om administrasjonen blir gjort oppmerksame på at frukt ikkje har god kvalitet, tar skolen kontakt med Skolefrukt og får da ny frukt tilkjørt neste leveringsdag. Det same gjelder for mjølk som er utgått på dato osv. Det har vært hendelser hvor elever setter mjølk som har stått i romtemperatur tilbake i kjøleskap, men det er sjeldne hendelser. Det er en vaksne ved skolen som gjør klar frukt og mjølk til utlevering, og denne skal kvalitetssjekke begge delr hver dag.

### 4. Uteareala på Eidsvåg

FAU Eidsvåg har teke kontakt angåande utearealet som ikkje er tilstrekkeleg. Dei har sendt eit brev til skuleeigarar ang. dette. FAU Rolland har fått kopi, og fått spørsmål om vi kan diskutere dette. Tek det på neste møte.

### 5. Kvalitetsoppfølgingsmøtet

Det var eit godt møte. Høyre med rektor om kva fokusområde som blei valt. Kjekt å sjå at skulen sine tankar var relativt i tråd med FAU sine tankar rundt dette. Digital kompetanse vart valt som handlingsmål.

### 6. Midlar

Magne sender ny søknad om aktivitetsmidlar. Det skal være for alle, ikkje koste noko og famne breitt. Skal vi söke spesifikt eller meir diffus. Legge ved eksempel på bruk av midlane.

7. Klassens runde (blir teke på møte neste veke).
8. Eventuelt  
Kven er med i FAU neste år? Treng vi å styrke FAU på noko måte?  
Vi må skape eit engasjement rundt FAU slik at vi blir brukt av foreldre. Til dømes få med vara. Opp i mot byggeprosess/flytting på ny skule er det viktig å ha eit sterkt FAU.